



68,4

DRIFTSRESULTAT (59,1)

40,4

RESULTAT FØR SKATT
(28,1)

KRAFTPRODUKSJON GWh (394,5)

485,5

OMSETNING (531,0)

544,9

TOTALKAPITAL (2 665,0)

2 218,5

INVESTERINGAR (118,3)

93,6

REKNESKAP 2. TERTIAL 2015

Rekneskapen 2. tertial 2015 syner eit driftsresultat på 68,4 mill. kr (59,1) og eit resultat før skatt på 40,4 mill. kr (28,1). Omsetninga vart 544,9 mill. kr (531,0), totalkapitalen er 2 218,5 mill. kr (2 665,0) og eigenkapitalprosenten er 35,5 % (29,8). Netto finans syner eit resultat på -28,0 mill. kr (-30,9). Tilsvarende tal for 2. tertial 2014 står i parentes.

Innanfor kraftproduksjonen er driftsresultatet auka med 2,1 mill. kr samanlikna med tilsvarende periode i 2014. Oppnådd pris for produksjonen er lågare enn for same periode i 2014, medan produsert mengde har hatt ein betydeleg auke. Driftsresultatet for nett er 18,4 mill. kr (7,9). Endring i inntektsramme er hovudårsaka til auken. Forretningsområda IKT og installasjon har eit mindre driftsresultat samanlikna med same periode i fjor, medan kraftomsetning og enøk har om lag same driftsresultat som i same periode 2014.

Både finansinntektene og finanskostnadene 2. tertial er lågare enn tilsvarende periode i 2014. Langsiktig gjeld viser ein liten auke samanlikna med same tidspunkt i fjor. Gjennomsnittleg rente på eksterne lån var 3,7 % (4,0). Etter dette utgjør netto finans -28,0 mill. kr (-30,9).

Endring av totalkapital og eigenkapitalprosent kjem i all hovudsak av at Mørenett AS frå i fjor til i år har betalt ned lån til eigarane, Tafjord Kraft AS og Tussa Kraft AS, og er no eksternt finansiert sjølv.

Det er bokført 27 % skatt av selskapsresultata ved utgangen av tertialet. I tillegg til overskotsskatt er det bokført grunnrenteskatt med til saman 7,8 mill. kr basert på faktisk pris og produksjon i perioden. Skattekostnaden utgjør etter dette om lag 47 % av konsernresultatet (61 %).

Investeringane er på 93,6 mill. kr (118,3) i hovudsak fordelt på nett med 38,5 mill. kr, IKT 42,9 mill. kr og produksjon 11,5 mill. kr.

ENERGI

Kraftproduksjon

Akkumulert kraftproduksjon er på 485,5 GWh (394,5). Produksjonen ved utgangen av tertialet er om lag 21 % over normalproduksjonen for perioden. Tilsiget hittil i år har vore på om lag 118 % av normalen. Magasinfyllinga var på 90 % (78 %).

Arbeid på den nye 420 kV kraftlina gjennom området, og på tilstøytande nett, har gitt restriksjonar på kraftproduksjonen denne og førre haust. Dette har medført meir produksjon pr. 2. tertial.

Det har vore utført mange tilsyn på damanlegg og vassvegar i tillegg til programmessig vedlikehald. Vi har og utført inspeksjonar av utvalde rørgater med fokus på korrosjon mm. Ingen spesielle avvik er registrert.

Prosjektet med turbinoppgradering i Åmela går sin gang og nytt turbinhjul ligg no på Sørumsand klar for 'samansveising'. Medio januar neste år stoppar vi Åmela for ombygging, og anlegget skal etter framdriftsplanen vere klart til start 15. mai 2016.

Kraftomsetning

Det har vore ein våt vår og kjøleg førsommar. Det har vore store snømagasin i fjella, men snøsmeltinga kom seint i gang. Mykje vatn har ført til stor produksjon og svært låge prisar. Hydrobalansen i Norden er ved utgangen av 2. tertial 4,6 TWh over normalen.

Det har vore stor eksport av energi frå Norden i perioden. Låge råvareprisar både på kol og olje, samt ein god magasin situasjon i Norden har vore dei viktigaste prisdrivarane.

Gjennomsnittleg spotpris på NordPool pr 2. tertial har vore 18,4 øre/kWh (23,7). Områdeprisen i Ørsta følgjer prisen i NO3, og gjennomsnittet pr 2. tertial var på 18,6 øre/kWh (25,5).

Talet på sluttkundar har halde seg relativt stabilt i perioden.

Kraftnett

Tussa eig 46,34 % av det felleskontrollerte føretaket Mørenett AS. Tussa sin del av selskapet er difor konsolidert inn i Tussa sin konsernrekneskap.

Resultat før skatt for Mørenett AS er etter 2. tertial på 27,5 mill. kr (0,9). Driftsresultatet er på 39,8 mill. kr (17,1). Hovudårsaka til endringa frå 2014 er større inntektsramme.

Eit av hovudmåla med fusjonen er å leggje grunnlaget for god leveringskvalitet til kundane. I samband med dette vert det arbeidd med prosessforbetringar og beredskapsarbeid. Mellom anna er vi i ferd med å avslutte arbeidet for betra metodikk rundt risikovurdering og prioritering av avvik og tiltak i kraftnettet. Mørenett hadde etter 2. tertial samla KILE-kostnader på 10,7 mill. kr.

Utførande aktivitet i nettet har vore høg i 2. tertial, både innanfor drift og vedlikehald, men også innan ny- og reinvesteringar. Samla investeringar for Mørenett pr 2. tertial er på 83 mill. kr.

IKT

Ved utgangen av 2. tertial har vi hatt ein vekst i forretningsområdet IT på 0,4 mill. kr samanlikna med 2. tertial 2014. Vi har hatt god vekst innanfor avtalekundar, stabil utvikling for konsulenttenester, men nedgang i varesalet. For avtalekundane, som er det største omsetningsområdet, har vi hatt ein vekst på 10 % sidan 2. tertial 2014. Nytt datasenter er på plass og flytting av data til dei nye datahallene er godt i gang og vil bli ferdig i løpet av året. Flytteprosessen har gått fint og kundane har merka lite til denne aktiviteten. Vi har no god kapasitet for å ta imot nye kundar.

Innanfor forretningsområdet kommunikasjon har vi ved utgangen av 2. tertial ein vekst på 4,6 mill. kr, noko som utgjør ein vekst på 9 % frå same tid i 2014. Den største veksten har vi innanfor privatmarknaden for produktområda internett og TV. Vi har også god vekst knytt til fiber til bedriftsmarknaden, og dette er ein trend vi forventer skal fortsette. Vi har hatt ein vekst på 6,2 % for fiber til bedrift sidan 2. tertial 2014.

Så langt har vi levert fiber til kundar i om lag 89 felt/område i dei ulike kommunane på søre Sunnmøre. Ved utgangen av 2. tertial har vi levert fiber til 5237 hushaldningar og 280 bedrifter.

ANNA VERKSEMD

Installasjon

Fleire av marknadsområda til Tussa Installasjon er påverka av nedgangen i oljerelatert næring. Ved utgangen av 2. tertial har vi ein nedgang i omsetning på 5,7 % samanlikna med same tid i 2014, men samanlikna med same tid i 2013 har vi ein vekst i omsetning på 38,4 %. Det vert jobba aktivt i alle marknadsområde med prising av nye prosjekt. Vi vil løpande vurdere behovet for produksjonskapasitet framover, og tilpasse dette.

Enøk

Innanfor enøk har vi ein vekst i omsetning på 12,5 % samanlikna med same tid i 2014, som var eit rekordår med omsyn til omsetning. Denne veksten kjem i hovudsak av at satsinga er spissa mot færre område enn tidlegare. Prosjekt der vi bistår verksemdar med innføring av energileiing etter standarden ISO 50001 viser seg å vere viktig, og marknaden er moden for dette løftet. Ordreserven er tilfredsstillande.

FRAMTIDSUTSIKTER

I høve til 1. tertial har det vore ein ytterlegare nedgang i prisane for kraft for resten av året. Forventningane til driftsresultatet for året er difor nedjustert med 10 mill. kr i høve til 1. tertial. Samla sett vert det rekna med eit driftsresultat for 2015 som er 20 mill. kr betre enn fjoråret.

Rekneskap Tussakonsernet

TAL I TUSEN KR

RESULTAT 2. TERTIAL

	2015	2014	2013
Energisal	169 869	184 488	197 973
Nettinntekt	145 171	130 574	188 062
Andre driftsinntekter	229 860	215 972	142 510
Sum driftsinntekter	544 900	531 034	528 544
Energikjøp + overføringskostnad	83 636	98 426	121 510
Løns- og personalkostnader	137 865	139 037	114 934
Ordinære avskrivningar	83 124	81 419	73 480
Andre driftskostnader	171 708	152 600	117 848
Tap på krav	194	487	1 196
Sum driftskostnader	476 526	471 968	428 968
Driftsresultat	68 374	59 066	99 576
Finansinntekter	15 788	18 955	10 346
Finanskostnader	43 764	49 891	37 855
Resultat før EO-postar	40 397	28 130	72 068
Ekstraordinære postar	-	-	-
Resultat før skatt	40 397	28 130	72 068
Skattekostnad ord. resultat	18 942	17 095	27 329
Resultat etter skatt	21 455	11 036	44 739

BALANSE 2. TERTIAL

	2015	2014	2013
Anleggsmidler	2 039 351	2 007 819	1 963 178
Omløpsmidlar	179 120	657 165	203 334
Sum eigedom	2 218 471	2 664 983	2 166 511
Eigenkapital	786 507	795 308	856 371
Avsetning for forpliktingar	34 358	17 096	10 448
Langsiktig gjeld	1 217 793	1 424 208	1 080 218
Kortsiktig gjeld	179 814	428 370	219 474
Sum gjeld og eigenkapital	2 218 471	2 664 983	2 166 511

RESULTAT 2. TERTIAL

TAL I MILL. KR

	2015 PROD.	2014 PROD.	2015 NETT	2014 NETT	2015 IKT	2014 IKT	2015 ANDRE	2014 ANDRE
Omsetning	165,9	184,0	165,1	159,3	93,9	89,9	227,1	249,6
Driftsresultat	48,8	46,7	18,4	7,9	4,3	7,5	-2,7	-2,6
EBITDA	75,0	72,7	49,0	40,0	26,9	26,8	0,6	1,0
Resultat før skatt	39,5	33,4	12,7	0,4	0,5	1,9	-11,9	-7,1
Resultat etter skatt	21,0	15,2	8,7	0,3	0,4	1,4	-8,7	-5,2
Totalkapital	1 116,8	1 157,9	847,6	836,3	308,8	277,2	1 703,1	2 058,6